

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Deres ref.: Vår ref.: Saksbehandler: Dato:
2018/11728-43 Bjørg Larsen 18.09.2018

Tildeling av tilskot til Lokale kulturbygg 2018 - Meieriet ved Meieriet, med anleggsnummer 73457, Meland kommune.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har fordelt spelemidlar til Lokale kulturbygg i møte 12. september 2018. Ved fordeling av spelemidlar vart søknaden imøtekome med eit tilskot på **kroner 500 000,-**.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Alle utbetalingar skjer via Meland kommune.
2. De kan søkje om delutbetaling (max 75%) når anleggsarbeidet er kome godt i gang. Søknaden må innehalde ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
3. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert utbetalt innan to år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie innan to år etter datoен på dette tilsegnsbrevet, vert inndrege. Dersom rekneskapet viser at anlegget vert rimelegare enn budsjettert, vil tilsvarande del av tilsegnsbeløp bli inndrege.
4. Sluttutbetaling kan ikkje skje før de har sendt inn revisorkontrollert rekneskap saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar.
5. Når tilskotet er kr 400 000 eller høgare skal rekneskapet for anlegget kontrollerast av revisoren til kommunen. Rekneskap for tilskot under kr 400 000 kan kontrollerast av annan revisor, til dømes den tillitsvalde revisoren til organisasjonen.

Mottakar av tilskot har ansvar for at løyvd tilskot vert brukt i samsvar med føresetnadar, krav og vilkår i føresegne. Føresegne om tilskot til Lokale kulturbygg <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/>

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkerar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føreskriftene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd

Per Morten Ekerhovd
kst. Fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B Skaar
Utviklingsssjef

Dette brevet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur